

**STRANDA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

---

**03.05.2012**

**Kopi til:** Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 09.05.2012 kl. 16.05 i  
Rådhuskjellaren**

**SAKLISTE:**

- Sak 15/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. mars 2012
- ” 16/12 - Vedkomande overordna analyse
- ” 17/12 - Strandafjellet KF - orientering
- ” 18/12 - Eventuell spørjerunde om kontrollutval og revisjon

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

## **KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE**

### **MØTEBOK**

Møtedato 27.03.2012 kl. 16.05

Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og varamedlem Tove Iren Knivsflå

= **5 voterande**

Svein Kvaløy hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

### **SAK 10/12 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. FEBRUAR 2012**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 17. februar 2012 blir godkjent med slik ordlyd i punkt 1 i vedtaket i sak 09/12 – Arbeidsdeling i kontrollutvalet:

Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek utval for Miljø og Kommunalteknikk, Svein Kvaløy tek Kommuneplanutvalet og utvalet for Miljø og Kommunalteknikk og Eva Rinde Habostad tek Helse, Oppvekst og Kulturutvalet.  
Vidare følgjer alle opp saksdokumenta i kommunestyret.

### **SAK 11/12 OVERORDNA ANALYSE – FØREBELS FRAMSTILLING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.03.2012

Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men synspunkt på analysen er overlevert kommunerevisjonen.

**SAK 12/12**

**MANDAT SELSKAPSKONTROLL STRANDA KOMMUNE**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.03.2012

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Mandatet for selskapskontrollen blir slik som går fram av kapittel 1.1 og punkt 1 til 11 i kapittel 1.2 i saksutgreiinga.

**SAK 13/12**

**STRANDAFJELLET KF – ORIENTERING V STYRELEIAR ROLF A. MYKLEBUST**

Orientering gitt av styreleiar om Strandafjellet KF

Orienteringa tok for seg manglande risikovurderingar før byggestart, størrelsen på lånegjelda, sårbarheit og problemet med for lave inntekter og svært dårleg økonomi.

Etter den generelle orienteringa om føretaket vart møtet lukka av omsyn til opplysninga om forretningsmessige forhold mellom drivarselskapet og eigarforetaket som ikkje er offentlege.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 14/12**

**SPØRJRUNDE OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON**

Saka vart ikkje behandla.

Inge Gjærde leiar (sign.)	Randi Strand Overaa nestleiar (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Tove Iren Knivsflå <sup>varamedlem</sup> (sign.)
---------------------------------	---	---	------------------------------------	---

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 03.05.2012

**SAK 16/12  
VEDKOMANDE OVERORDNA ANALYSE**

I førre møte var ei førebels framstilling av overordna analyse oppe til behandling. Analysen viste overordna risikofaktorar i Stranda kommune si verksemd i perioden 2012 til 2015.

Dokumentet var av foreløpig karakter og var meint å vere eit diskusjonsgrunnlag. I møtet kom det også fram innspel til vurdering i det vidare arbeidet.

Når det gjeld konkrete risikofaktorar og overordna analyser *som alt er* vurdert av kontrollutvalet, nemner ein at det på bakgrunn av desse er vedteke prosjekt innan forvaltningsrevisjon som står på vent, men som må bli vurdert inn i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Dette er bestilte forvaltningsrevisjonar om Sentrumsområdet, Strandafjellet KF og Stranda Hamnevesen KF.

Det som ut i frå ei risiko-og vesentlegheitsvurdering truleg vil ha mest fokus på kort sikt er nok Strandafjellet KF. Det er grunn til å tru at med utgangspunkt i dei prosjekta for forvaltningsrevisjon som alt er vedtekne, kan eit vidare arbeid med ein overordna analyse settast på vent ei stund.

Det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar